

---

**Frå:** Haakon Aase <haa-aase@online.no>  
**Send:** tirsdag 2. juli 2019 20:10  
**Til:** 'Arnt Brakstad'; Sølvi Knudsen; Bjørnar Norvald Langeland; Eli Hillsersøy; Haakon Aase; Helene Olli Sollid; Kjersti Langenes Bøen; Marie Morken; Åse Grønsnes; Åsmund Aase Fluge  
**Kopi:** Eirik Bouwer Utne; Hanne Marie Evensen  
**Emne:** Elias Mjåtveit-huset - møte og synfaring på Frekhaug

Hei!

Her kjem eit kort referat:

Sølvi Knudsen og underskrivne møtte i dag Eirik Bouwer Utne frå Meland kommune, fyrst til eit møte på rådhuset og deretter til synfaring i området mellom Sjursa-huset og meieriet på Frekhaug. Haakon Aase orienterte om status i arbeidet som Meland Sogelag og Meland Mållag driv for å berga Elias Mjåtveit-huset. Hovudtema for møtet var plassering av Elias-huset ved atterreisinga. Haakon Aase gjorde greie for framlegget frå sogelaget og mållaget. Det går ut på å finna ei høveleg tomt i det nemnde området, t.d. vinkelrett på Sjursa-huset og nord for, og parallelt med, grunnmuren som no vert integrert i eit opparbeidd uteområde. Med si moderate grunnflate, 8 x 5 m, vil det også kunna vera fleire moglege plasseringar i området. Etter mållaget og sogelaget si meining vil plasseringa av huset inn i denne samanhengen, og den tiltenkte kulturelaterte bruken, retta mot menneske i alle aldrar, kunna vera i godt samsvar med den eksisterande planen for området.

Eirik Utne gjorde greie for planen for området og dei ulike elementa i den. Han noterte seg framlegget frå sogelaget og mållaget og lovde å ta det vidare til dei aktuelle instansane i kommunen, m.a. prosjektleiar for arbeidet med uteområdet. Han understreka at det hastar med å få til ei eventuell justering av planen for å plassera inn Elias-huset, då den innleigde entreprenøren vil starta opp att arbeid per cirka 1. september.

Haakon Aase